



Bjørn Eivind Lunde
Skarefjellet 51
5174 MATHOPEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/743 - 18/13252

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
24.04.2018

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 11/18 Hølleland - Hosøy

Tiltak: fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 11/18 Stranda 824
Tiltakshavar: Rita R og Bjørn E Lunde
Ansvarleg søkjar: Bjørn E Lunde

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 01.03.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nabovarslinga er ikkje tilstrekkeleg. Nabo/gjenbuar med gbnr 11/31 må også varslast om tiltaket.
2. Det må sendast inn gjenpart for nabovarsel.
3. Kommunen forstår søknaden slik at det berre er søknad om dispensasjon som skal handsamast i denne omgang og at rive- og byggesøknad kjem i eiga sak. Vi ber likevel om at det sendast inn meir utfyllande grunngjeving for kvifor det bør innvilgast dispensasjon for tiltaket.
4. Det er ikkje råd å lese tekst på situasjonsplanen og difor vanskeleg å forstå kva som er meint med situasjonsplanen. Vi ber om at det sendast inn ny situasjonsplan der det tydeleg går fram kvar nytt tiltak skal plasserast og kva bygningar som skal rivast.
5. Vi ber også om informasjon om korleis situasjon med veg, vatn og avløp skal løysast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.05.18. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørn Eivind Lunde

Skarefjellet 51

5174

MATHOPEN